

Utval: **Ålfotbreen verneområdestyre**
Møtestad: Sogndal hotell, Sogndal
Dato: 05.04.2016
Tidspunkt: 12.45 – 16.00

Følgjande faste medlemmar møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Hege Lothe	Medlem	
Audun Åge Røys	Medlem	
Gunn Sande	Medlem	

Følgjande medlemmar meldte forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Jan Henrik Nygård	MEDL	

Merknader

Marius Strømmen (vara for Audun Åge Røys, Bremanger) deltok på møtet, men utan stemmerett.

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Rune Holen	Naturoppsyn
Alf Erik Røyrvik	Verneområdeforvaltar

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 1/2016	Godkjenning av innkalling og sakliste		
ST 2/2016	Ålfotbreen verneområdestyre - Konstituering av verneområdestyret for perioden 2016-2019		2016/9
RS 1/2016	Presentasjon av Ålfotbreen landskapsvernområde		
RS 2/2016	Orienteringssaker		
ST 3/2016	Ålfotbreen verneområdestyre - Delegering av vedtaksmynde til forvaltar		2016/9
ST 4/2016	Ålfotbreen verneområdestyre - Høyringsfråsegn Kaldeelva kraftverk		2016/9
ST 5/2016	Ålfotbreen verneområdestyre - Besøksstrategi		2016/9
ST 6/2016	Ålfotbreen verneområdestyre - Prioritering av tiltaksmidlar for 2016		2014/48
ST 7/2016	Eventuelt		

ST 1/2016 Godkjenning av innkalling og sakliste

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Merknad:

Det er positivt med tidleg varsling om dato for styremøter og andre arrangement som styret bør vere med på, slik det var i dette tilfellet.

Vedtak:

Innkalling og sakliste vart godkjent

Arkivsaksnr: 2016/9-0

Saksbehandler: Alf Erik Røyrvik

Dato: 29.03.2016

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	2/2016	05.04.2016

Ålfotbreen verneområdestyre - Konstituering av verneområdestyret for perioden 2016-2019

Ålfotbreen verneområdestyre skal konstituere seg for perioden 2016-2019

Det skal veljast leiar og nestleiar i styret. Dei to resterande medlemmene vert ordinære styremedlemmer.

Styret kan opprette arbeidsutval.

Ålfotbreen verneområdestyre har ikkje hatt arbeidsutval tidlegare.

Styret kan kome med føringar for styrearbeidet.

(til dømes møteplan, synfaringar, studietur med meir)

Vedtak ST 2/2016

Ålfotbreen verneområdestyre konstituerte seg for perioden 2016-2019.

Hege Lothe (Gloppen) vart valt til styreleiar.

Audun Åge Røys (Bremanger) vart valt til nestleiar.

Det vart ikkje oppretta arbeidsutval.

RS 1/2016 Presentasjon av Ålfotbreen landskapsvernområde

Verneområdeforvaltaren heldt ein presentasjon om Ålfotbreen landskapsvernområde og svarte på spørsmål frå styret. Styret tok dette til vitande.

RS 2/2016 Orienteringssaker

- Norges vassdrags- og energidirektorat fekk tidleg i januar løyve til å lande med helikopter ved ein målestasjon i Skjerdalen. Føremålet var tilsyn/reperasjon av stasjonen. Løyvet vart gjeve som delegert vedtak frå forvaltar.

Styret tok dette til vitande.

Arkivsaksnr: 2016/9-0

Saksbehandler: Alf Erik Røyrvik

Dato: 29.03.2016

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	3/2016	05.04.2016

Ålfotbreen verneområdestyre - Delegering av vedtaksmynde til forvaltar

Bakgrunn

Styret har høve til å delegerer vedtaksmynde i saker av kurant karakter til verneområdeforvaltaren, i følgje vedtektene til styret:

Styret kan gje forvaltar(ane) mynde til å gjere vedtak i saker av kurant karakter. Med kurant karakter er meint følgjande:

- *Saker etter dei spesifiserte dispensasjonsføresegnene i verneforskrifta om ferdsle og motorferdsle.*
- *Saker etter andre spesifiserte dispensasjonsføresegner i verneforskrifta og etter naturmangfaldlova § 48 der:*
 - a) *Det dreier seg om fornying av dispensasjon gjeve av styret eller arbeidsutvalet, og føresetnadene er tilnærma uendra.*
 - b) *Det føreligg etablert forvaltningspraksis fra saker handsama av styret/AU i tilsvarende sak.*
 - c) *Forvaltningsplanen gjev eintydige føringar for utfallet.*

Ved tvil skal forvalter drøfte saka med styreleiar. Det skal kome fram av saksutgreiinga dersom forvaltaren treffer delegert vedtak i saka. Alle delegerte vedtak skal refererast for styret.

Handsaming i møte

Styret må ta stilling til om det skal delegerast vedtaksmynde til forvaltar, og på kva vilkår ei eventuell delegering skal gjelde.

Vedtak ST 3/2016

Styret vedtek å gje forvaltar mynde til å gjere vedtak i saker av kurant karakter. Med kurant karakter er meint følgjande:

- Saker etter dei spesifiserte dispensasjonsføresegnene i verneforskrifta om ferdsle og motorferdsle.
- Saker etter andre spesifiserte dispensasjonsføresegner i verneforskrifta og etter naturmangfaldlova § 48 der:
 - a) Det dreier seg om fornying av dispensasjon gjeve av styret, og føresetnadene er tilnærma uendra.
 - b) Det føreligg etablert forvaltningspraksis frå saker handsama av styret i tilsvarande sak.
 - c) Forvaltningsplanen gjev eintydige føringar for utfallet.

Ved tvil skal forvaltar drøfte saka med styreleiar. Det skal kome fram av saksutgreiinga dersom forvaltaren treffer delegert vedtak i saka. Alle delegerte vedtak skal refererast for styret.

Når det er høve til det, skal forvaltar informere styret om saka før delegert vedtak vert gjort.

Arkivsaksnr: 2016/9-0

Saksbehandler: Alf Erik Røyrvik

Dato: 29.03.2016

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	4/2016	05.04.2016

Ålfotbreen verneområdestyre - Høyringsfråsegn Kaldeelva kraftverk

I Gloppen har ei «småkraftpakke» med 12 prosjekt vore ute på høyring. Fristen for å kome med fråsegn var 18.mars, men Ålfotbreen verneområdestyre fekk utsett frist til 8.april.

Den eine søknaden gjeld Kaldeelva Kraftverk, like ved Straumsbotnen. Prosjektet vil nytte vatn som kjem frå landskapsvernområdet, men det vert ikkje inngrep inne i verneområdet. Verneområdestyret har derfor ikkje noko formell rolle, men det er likevel naturleg at verneområdestyret meiner noko om det som skjer i nærleiken av verneområdet (ref Miljødirektoratet).

Verneområdeforvaltaren har skrive eit framlegg til høyringsfråsegn:

Høyringsfråsegn om Kaldeelva kraftverk – Ålfotbreen verneområdestyre

Ålfotbreen verneområdestyre viser til søknad om konsesjon til Kaldeelva kraftverk i Gloppen.

Utbygginga det er søkt om ligg utanfor Ålfotbreen landskapsvernområde. Ingen av dei omsøkte inngrepa ligg innanfor grensa til verneområdet, og verneområdestyret har soleis ikkje nokon formell rolle i denne saka.

Det er likevel slik at eit tiltak utanfor eit verneområde kan påverke naturverdiar og verneverdiar innanfor verneområdet. Dette kan til dømes vere dersom inngrep utanfor verneområdet vert veldig synlege og skjemma i terrenget, og soleis reduserer verdien av friluftsopplevingar i verneområdet.

Skilbreivatnet og Straumsbotnen er eit veldig flott område. Den nordlege delen av vatnet og Straumsbotnen har eit ganske urørt preg utan tunge inngrep. Området er lite tilrettelagt for besøkande og bruken av området er relativt låg. Friluftsbukarane er stort sett lokale folk på fottur eller fisketur, men det er og nokre tilreisande. Bygging av veg til kraftverket vil vere eit stort og synleg inngrep i landskapsrommet her. Samstundes vil det gjere området lettare tilgjengeleg enn det er i dag, noko som kan sjåast på både som positivt og negativt.

Der er planlagt inntaksdam i Kaldeelva 2-300 m frå grensa til landskapsvernområdet, og vassvegen skal gå i fjell. Inngrep knytt til vassvegen vil soleis vere små og lite synleg frå landskapsvernområdet, og vil truleg ikkje ha negative verknader for verneområdet.

Styret registrerer at tiltaket i følge miljøvurderinga til Multiconsult vil gje middels negativ verknad på landskapsrommet utanfor verneområdet. Ålfotbreen verneområdestyre vil på generelt grunnlag oppmode om at alle inngrep vert gjort so diskret og lite synlege i landskapet som muleg. Og at det ved ei eventuell utbygging vert gjort avbøtande tiltak slik at ein reduserer den negative verknaden til eit minimum.

Handsaming i møte:

Styret må ta stilling til om det skal sendast høyringsfråsegn til Kaldeelva kraftverk, og kva som eventuelt skal stå i den.

Vedtak ST 4/2016

Ålfotbreen verneområdestyre skal sende høyringsfråsegn til Kaldeelva kraftverk i tråd med framlegget som forvaltar har lagt fram.

Arkivsaksnr: 2016/9-0

Saksbehandler: Alf Erik Røyrvik

Dato: 29.03.2016

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	5/2016	05.04.2016

Ålfotbreen verneområdestyre - Besøksstrategi

Bakgrunn

Besøksforvaltning har vore eit sentralt tema for den nasjonale nasjonalpark- og verneområdeforvaltninga siste åra. Miljødirektoratet har jobba mykje med det, og hatt eit pilotprosjekt gåande, der mellom anna nasjonalparkane Jotunheimen og Hallingskarvet har vore med og laga besøksstrategiar. Det er eit ynskje at alle verneområda skal lage besøksstrategi og ha denne som eit grunnlag for forvaltninga framover.

Besøksforvaltning handlar om korleis ein skal ta i mot, møte og handtere dei som besøker verneområdet. Målet er å gje den besøkande gode opplevingar og legge til rette for lokal verdiskaping, men utan at dette skal gå ut over verneverdiar og naturverdiar.

Ein viktig del av besøksforvaltninga er å utarbeide ein besøksstrategi. Den skal vere kunnskapsbasert og seie noko om dei besøkande, om reiseliv og om sårbare naturverdiar. So skal det takast nokre strategiske val og eit set opp tiltak og satsingar.

Ålfotbreen LVO har ikkje besøksstrategi eller liknande dokument frå før. Vi har lite kunnskap om dei besøkande, men vi veit at bruken av området er låg. Vi har ikkje problem med slitasje, utfordringane ligg heller i å gjere området kjent og tilgjengeleg.

Kvart år får vi tiltaksmidlar frå Miljødirektoratet. Besøksstrategi vil vere eit godt hjelpemiddel for å prioritere og bruke desse midlane målretta. Vi ser allereie no at Miljødirektoratet krev at ein del tiltak skal vere forankra i besøksstrategi eller liknande.

Handsaming i møte

- Verneområdestyret må først og fremst ta stilling til om det skal utarbeidast ein besøksstrategi.
- Dersom det skal utarbeidast besøksstrategi må verneområdestyret legge føringar for arbeidet.

Vedtak ST 5/2016

Ålfotbreen verneområdestyre vedtok at det skal utarbeidast ein besøksstrategi for landskapsvernområdet.

Styret ber forvaltar lage ei prosjektskisse for arbeidet med besøksstrategien som vert lagt fram på neste styremøte.

Styret vil gjerne og på studietur for å lære av korleis andre styre og verneområder jobbar med dette temaet.

Arkivsaksnr: 2014/48-0

Saksbehandler: Alf Erik Røyrvik

Dato: 29.03.2016

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	6/2016	05.04.2016

Ålfotbreen verneområdestyre - Prioritering av tiltaksmidler for 2016

Bakgrunn

Ålfotbreen verneområdestyre har fått kr 280.000 i tiltaksmidler for 2016. Disse skal nyttast på dei tiltaka som vart sett opp på i bestillingsdialogen i fjor haust. Lista som vart sendt inn då ser slik ut:

Prioritet	Tiltak	Skildring av tiltaket	Kostnads- overslag
1	Stiltak	Mindre tilretteleggingstiltak langs dei merka rutene i og rundt Ålfotbreen Ivo	100000
2	Molo Mettenes	Støtte bygging av molo ved Mettenes. Skal vere tilgjengeleg for ålmenta	100000
3	Fjerning av framande artar	Kartlegge og fjerne førekomstar av gran i verneområdet	30000
4	Informasjonsbrosjyre	Lage og trykke informasjonsbrosjyre om verneområdet	50000
5	Naturmøteplass Førdedalen	Bygge gapahuk, utedo, parkering i Førdedalen	40000
		Totalt	320000

Merknad: Miljødirektoratet har meldt tilbake at tiltak nr 5 – Naturmøteplass i Førdedalen skal avvete til det er forankra i besøksstrategi eller i anna plandokument.

Handsaming i møtet

Verneområdestyret må fordele og prioritere dei tildelte midlane på tiltaka i lista ovanfor.

Vedtak ST 6/2016

Ålfotbreen verneområdestyre vedtok følgende prioritering og fordeling av tiltaksmidlar for 2016:

Prioritet	Tiltak	Skildring av tiltaket	Kostnads- overslag
1	Stiltak	Mindre tilretteleggingstiltak langs dei merka rutene i og rundt Ålfotbreen Ivo	100000
2	Molo Mettenes	Støtte bygging av molo ved Mettenes. Skal vere tilgjengeleg for ålmenta	100000
3	Fjerning av framande artar	Kartlegge og fjerne førekomstar av gran i verneområdet	30000
4	Informasjonsarbeide		50000
		Totalt	280000

Kostnadsoverslag på dei ulike tiltaka kan verte endra gjennom året.

ST 7/2016 Eventuelt

- **Vingen landskapsvernområde**
Bremanger kommune skal til neste møte undersøke om dei fekk tilbod om å overta forvaltning av Vingen landskapsvernområde og korleis dei saka vart vurdert. Dette med tanke på samarbeid og felles satsing på Ålfotbreen og Vingen for å utvikle heile området som eit reisemål.
- **Fellesmøte med Fagleg Rådgjevande utval**
Styret ynskjer at heile styret skal ha felles møte med Fagleg Rådgjevande utval når det utvalet skal ha neste møte.
- **Møteplan**
Forvaltar skal lage eit framlegg til møteplan for Ålfotbreen verneområdestyre og sende dette ut til styret.
- **Strategi**
På neste styremøte skal styret diskutere ein langsiktig strategi for styrearbeid og forvaltning av landskapsvernområdet, og dette skal setjast opp som sak på det møtet.

Arkivsaksnr: 2016/9-0

Saksbehandler: Alf Erik Røyrvik

Dato: 29.03.2016

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	3/2016	05.04.2016

Ålfotbreen verneområdestyre - Delegering av vedtaksmynde til forvaltar

Bakgrunn

Styret har høve til å delegerer vedtaksmynde i saker av kurant karakter til verneområdeforvaltaren, i følgje vedtektene til styret:

Styret kan gje forvaltar(ane) mynde til å gjere vedtak i saker av kurant karakter. Med kurant karakter er meint følgjande:

- *Saker etter dei spesifiserte dispensasjonsføresegnene i verneforskrifta om ferdslø og motorferdslø.*
- *Saker etter andre spesifiserte dispensasjonsføresegner i verneforskrifta og etter naturmangfaldlova § 48 der:*
 - a) *Det dreier seg om fornying av dispensasjon gjeve av styret eller arbeidsutvalet, og føresetnadene er tilnærma uendra.*
 - b) *Det føreligg etablert forvaltningspraksis fra saker handsama av styret/AU i tilsvarende sak.*
 - c) *Forvaltningsplanen gjev eintydige føringar for utfallet.*

Ved tvil skal forvalter drøfte saka med styreleiar. Det skal kome fram av saksutgreiinga dersom forvaltaren treffer delegert vedtak i saka. Alle delegerte vedtak skal refererast for styret.

Handsaming i møte

Styret må ta stilling til om det skal delegerast vedtaksmynde til forvaltar, og på kva vilkår ei eventuell delegering skal gjelde.

Arkivsaksnr: 2016/9-0

Saksbehandler: Alf Erik Røyrvik

Dato: 29.03.2016

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	5/2016	05.04.2016

Ålfotbreen verneområdestyre - Besøksstrategi

Bakgrunn

Besøksforvaltning har vore eit sentralt tema for den nasjonale nasjonalpark- og verneområdeforvaltninga siste åra. Miljødirektoratet har jobba mykje med det, og hatt eit pilotprosjekt gåande, der mellom anna nasjonalparkane Jotunheimen og Hallingskarvet har vore med og laga besøksstrategiar. Det er eit ynskje at alle verneområda skal lage besøksstrategi og ha denne som eit grunnlag for forvaltninga framover.

Besøksforvaltning handlar om korleis ein skal ta i mot, møte og handtere dei som besøker verneområdet. Målet er å gje den besøkande gode opplevingar og legge til rette for lokal verdiskaping, men utan at dette skal gå ut over verneverdiar og naturverdiar.

Ein viktig del av besøksforvaltninga er å utarbeide ein besøksstrategi. Den skal vere kunnskapsbasert og seie noko om dei besøkande, om reiseliv og om sårbare naturverdiar. So skal det takast nokre strategiske val og eit set opp tiltak og satsingar.

Ålfotbreen LVO har ikkje besøksstrategi eller liknande dokument frå før. Vi har lite kunnskap om dei besøkande, men vi veit at bruken av området er låg. Vi har ikkje problem med slitasje, utfordringane ligg heller i å gjere området kjent og tilgjengeleg.

Kvart år får vi tiltaksmidlar frå Miljødirektoratet. Besøksstrategi vil vere eit godt hjelpemiddel for å prioritere og bruke desse midlane målretta. Vi ser allereie no at Miljødirektoratet krev at ein del tiltak skal vere forankra i besøksstrategi eller liknande.

Handsaming i møte

- Verneområdestyret må først og fremst ta stilling til om det skal utarbeidast ein besøksstrategi.

- Dersom det skal utarbeidast besøksstrategi må verneområdestyret legge føringar for arbeidet.